


SKILT OG REKLAME

Søknad sendes til:
Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

**ByggSøk**

Det blir tilrådd å bruke nettbasert søknad gjennom ByggSøk-bygning (www.byggsok.no). Systemet er gratis, og du får rettleiing om utfylling undervegs. Ved å bruke ByggSøk får du samstundes ein betre kvalitetskontroll av søknaden.

Kva er søknadspliktig?

Skilt- og reklameinnretning inntil 3,0 m ² montert flatt på vegg. Unnatakett gjeld ikkje montering av fleire skilt- og reklameinnretningar på same fasade.	Unnateke frå søknad etter pbl § 20-3 og SAK10 § 4-1.
Skilt- og reklameinnretning inntil 6,5 m ² montert på vegg, eller med høgd inntil 3,5 m og breidde inntil 1,5 m montert frittstående på terreng. Regelen omfattar ikkje plassering av slike skilt- og reklameinnretningar som kan utgjere fare for personstryggleik og ikkje når fleire skal monterast på same sted eller på same fasade.	Søknadspliktig etter pbl § 20-2. Kan innsendes av tiltakshavar.
Andre skilt og reklameinnretningar.	Søknadspliktig etter pbl § 20-1. Må sendast inn av eit føretak som kan godkjennast som ansvarlig søkjar.

NB! Kommunale skilt- og reklamevedtekter og planvilkår kan stilla spesielle krav til plassering og utforming av skilt, reklameinnretningar o.l.

Komplett søknad i 1 eksemplar etter plan- og bygningslovens § 20-2:

Søknadsblankett	NBR nr. 5153*
Kopi av nabovarsel. Naboar skal også varslast dersom det vert søkt om dispensasjon. Søknaden skal ikkje sendast inn før frist for nabomerknader er gått ut.	NBR nr. 5155
Evt. merknadar frå naboar, med utgreiing for korleis desse evt. er teke omsyn til.	
Situasjonsplan. Gjelder bare ved oppføring av frittstående skilt eller reklameinnretning. Kartgrunnlag må være av nyare dato og bestillast hjå kommunen.	
Teikningar/fotomontasje og utgreiing som dokumenterer krav til estetisk tilpassing i samsvar med krava i pbl §§ 29-2 og 30-3, kommunale planvilkår og vedtekter.	
Uttale eller vedtak frå andre styresmakter (vegstyresmakt etc.)	
Evt. søknad om dispensasjon*. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre vilkår, vert det kravd grunnleggjande søknad, jf. pbl § 19-1	

*Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Sjå baksida ⇒



SKILT OG REKLAME**Komplett søknad i 1 eksemplar etter plan- og bygningslovens § 20-1:**

Søknadsblankett inkl. ansvarsrett for søkjar	NBR nr. 5174*, 5175*, evt. 5159* og 5160*
Kopi av nabovarsel. Naboar skal også varslast dersom det vert søkt om dispensasjon. Søknaden skal ikkje sendast inn før frist for nabomerknader er gått ut.	NBR nr. 5155
Evt. merknadar frå naboar, med utgreiing for korleis desse evt. teke omsyn til.	
Situasjonsplan. Gjeld berre ved oppføring av frittstående skilt eller reklameinnretning. Kartgrunnlag må være av nyare dato og bestillast hjå kommunen.	
Teikningar/fotomontasje og utgreiing som dokumenterer krav til estetisk tilpassing i samsvar med krava i pbl §§ 29-2 og 30-3, kommunale planvilkår og vedtekter.	
Gjennomføringsplan med oversikt over ansvarsområde inndelt i godkjeningsområder og etter tiltaksklasser, kontrollområder, ansvarlige føretak og gjennomføring av oppgåvene.	NBR nr. 5185*
Søknad om ansvarsrett for prosjektarende, utførande og evt. kontrollerande med relevant dokumentasjon.	NBR nr. 5181* og evt. 5159* og 5160*
Uttale eller vedtak frå andre styresmakter (vegstyresmakt etc.)	
Evt. søknad om dispensasjon*. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre vilkår, vert det kravd grunngitt søknad, jf. pbl § 19-1	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Når kan arbeidet ta til?

Arbeidet kan ta til 3 veker etter at søknaden er motteken i kommunen dersom følgjande vilkår er ivareteke (jf. pbl § 21-7):

- Arbeidet er i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av pbl (ingen dispensasjon).
- Det ligg ikkje føre merknader frå naboar eller gjenbuuar.
- Det er ikkje nødvendig med ytterligare løyve, samtykke eller uttale frå anna styresmakt.
- Kommunen har ikkje gjeve melding om forlenga saksbehandlingsfrist, jf. SAK 10 § 7-3.

Dersom desse vilkåra ikkje er oppfylt, kan ikkje arbeidet ta til før det ligg føre skriftleg løyve frå kommunen. Det blir tilrådd å ta kontakt med kommunen før oppstart.

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, med mindre løyve er gitt for eit bestemt tidsrom.

